

Fjågesund Posten

Nr. 2 april 2025

BASAR

Palmesondag 13. april kl 13.00

på Fjågesund grendehus

- Sal av lynlodd

- Loddsal og trekking av basarbøker.

Hovedgevinst gavekort 3000,-

- Sal av kjøtsuppe, kaffi, kaker, pølser, brus

VELKOMEN!

Arr. Fjågesund IL



KNARREN RUNDT 2025

IL Tørn og Fjågesund IL inviterer til turrennet
Knarren rundt **skjærtorsdag 17. april.**

Trimklasse med start frå 9.00.

Knarren rundt 12 km startar kl 12.00 , 13 år og
oppover (klassisk stil)

GUDSTENESTE

2. påskedag 21. april kl. 11.00

i Fjågesund kyrkje v/ Sigrun Solvang.

Offr. kyrkjelydens misjonsprosjekt.



STØTT FJÅGESUND IL MED TOMGODS!

Har de tomgods som vi kan pante til inntekt for
laget vårt, vil vi gjerne at de set det ut i knytt
pose, ved innkjørsla di slik at det er lett å finne.
Vi køyrer rundt og samlar inn:

Tysdag 22. april kl 17.00


DUGNAD RUNDT KYRKJA

Onsdag 30. april kl. 18.00. Ta med rive, trillebår, traktor, o.s.v. Enkel beverting.



DUGNAD PÅ GRENDEHUSET

Sondag 4. mai kl. 17.00. Ta med rive, trillebår, traktor, o.s.v. Vasking inne av vindauge o.s.v.



RUSKENAKSJONEN 2025

Mondag 5. mai. Sjå annonse i VTB! Renovest IKS set ut container ved **Fjågesund grendehus**. Her kan du som privatperson levere avfall som kjøll/frys, komfyrar, omnar, anna elektrisk materiell, samt møblar og større hushaldsavfall.

SØPPELPLUKKING/TRIM

Tysdag 6. mai kl. 18.00. Vi møtast på grendehusplassen, og ryddar søppel langs vegen til Fjågesund brua og opp til kyrkja. Ta med hanskar. Værattehold.

Arr. Fjågesund IL



UT PÅ TUR 2025

Fjågesund idrettslag har plukka ut fire turmål. Eit kart over turmåla, ruta dit og korleis du registrerar turane dine er snart å finne på fjaagesund.no. Dei som har gått alle 4 turane vert med i trekkinga av ein fin premie. Det vert også trekk ut ein trøstepremie blandt alle deltakerane.

Du må registrere turane dine før 20. september. God tur!



Program:

- Tog frå broi kl 12.00
- Festgudsteneste kl 12.30 i Fjågesund kyrkje v/Sigrun Solvang.

På grendehuset etter messa:

- Kaffi og kaker
- Sal av pølser, brus og is
- Utlodding
- Leikar: luftbørse, pilkast etc. med premiering

Arr. Fjågesund IL



M/S HENRIK IBSEN

kjem **sondag 18. mai**, båten passerar fjågesundbryggja ca. kl 15.10

M/S VICTORIA

kjem **mondag 19. mai**. Båten passerar fjågesundbryggja ca. kl 15.20. og vi oppmodar alle til å helse dei velkomen desse dagane!



Sud-Berge og Holt

TUR TIL "GUNNS-TOPP"

Torsdag 29. mai kl 12.00.

Oppmøte ved innkjørsla til Sandbekk.

Arr. Fjågesund IL

STOLPEJAKT 2025

Fjågesund IL vil arrangere stolpejakt i bygda med oppstart 1. mai. På kvar stolpe er det ein QR-kode som kan skannas med ein eigen app. Stolpane har ulike fargar som indikerar vanskelegheitsgrad og det blir gjeve ulikt antal poeng utifrå denne. For kvar stolpe du registrerar får du eit lodd. Det er trekning etter sesongslutt og du kan vinne fine premiar.

For meire info: stolpejakten.no.

KVENNÅI KRAFTVERK



Turbinen kjem 24. februar.



Turbinen er montert. Foto 2. mars.



20. mars.

FJÅGESUNDS FRAMTID

**Kort oppsummering frå idé-myldringa
23.nov 2024 om Fjågesunds framtid.**



Arbeidsgruppa som tok initiativet til dette ønskte å få innspel frå bygda om kva dei tenker om Fjågesund i framtida og kva for utfordringar og moglegheiter som finnes. 30 personar møtte opp og blei delt inn i 5 grupper som fekk i oppgåve å jobbe med følgande spørsmål:

Det blei også laga ei digital forslagskasse som dei som ikkje hadde anledning til å delta på møtet kunne komme med sine innspel. Her kom det inn 6 svar som også er tatt med i samandraget frå idémyldringa.

Kva er det beste med Fjågesund?

Formålet med dette spørsmålet var å skape bevisstheit rundt tilboda og forutsetningane som allereie finnes i bygda.

Her fylgjer ei kort oppsummering

Stadar: Gapahuken, Kåsastranda, Ånås, Grendehuset, Knarren, brygga, sagbruket og kraftstasjonen.

Aktivitetar: Loppemarknad, elgfest, 17.mai, basar, pizzakveldar, Grendehuset, ljosløypa, klatrevegg (Ånås), jakt- og fiskemoglegheiter, kanoar og friluftaktivitetar.

Lag/foreiningar: Grendehuset, Idrettslaget og Fjågesundposten.

Bygdesjel: eldsjeler, dugnadsånd og samhold, inkluderande miljø, tilhørighet, autentisk.

Natur: eit «Telemark i miniatyr», naturskjønt og «en oase mellom fjella», Telemarkskanalen er en viktig del av Fjågesunds identitet, godt klima, fred og ro.

Geografi og infrastruktur: Telemarkskanalen, korte avstandar til mange andre stedar og byar - eit geografisk knutepunkt. Fibernett.



Fjågesund i framtida

Målet med dette spørsmålet var å få innspel på korleis Fjågesund kan utvikle seg, behalde dei som bur her og skaffe fleire innbyggjarar. Det kom svært mange innspel frå gruppene.

Her fylgjer ei kort oppsummering

Utvikling: Utvikling av tilbod til turistar og samarbeid med/langs Telemarkskanalen (sjølvbetjent butikk, kafé, drivstoffsals). Galleri, jordbruk, produksjon av treprodukt, pensjonistbedrift.


Prosjekt: Bufellesskap og «landsby» med småhus. Gjennomgangsbustad (prøvebustad). Ny og gamal kraftstasjon i bygda – viktig del av industrihistoria. Betre nytting av vannvegen, beitande dyr (landskapspleie) og «turistsjef» i bygda.

Aktivitetar: leikeplass for barn, badstue (flytande), skytebane, zipline og dataundervisning for eldre. Betre utnytting av turmoglegheitene betre og tydeleggjere moglegheitene innan jakt og fiske.

Politiske tiltak/endringar: Buplikta og privatisering av veier - er viktige for å få til utvikling i Fjågesund. Dei fleste er einige om at buplikta bør fjernes og at privatisering av veier ikkje bør gjennomførast. Utfordringar med eventuell utbygging knytt til LNF-områder. Kviteseid må bli en JA-kommune!

Infrastruktur og informasjon: Tomter og hus, bla. regulering av areal og omregulering av LNF-områder, tilrettelegging for hyttebygging og informasjon/skilting. Kanalvegen og Nasjonal sykkelrute nr 2, som begge treng «ansiktsløfting» for eksempel med tilrettelegging av rasteplassar og betre skilting. Gamle tur- og ferdselsvegar i Fjågesund kan «tas frem» og gjeras meir tilgjengelege. Nettside, Facebook-side og meir fokus i media var også ting som ble nemnt.

Til slutt nemner vi ei tilbakemelding som ikkje passer inn i kategoriane, men som er viktig for mange: det er viktig å behalde identiteten til Fjågesund. Det er rimeleg å anta at identiteten dei viser til, er det vi beskreib under kategorien *Bygdesjel* i førige avsnitt.



På slutten av møtet blei det spurt om det var fleire som ønsket å delta i arbeidsgruppa og det var det. Arbeidsgruppa består derfor nå av: Øyvind Kaspersen, Trond Fjågesund, Aud Turid Fjågesund, Trine Anette Larsen Østenå, Anne-Björg Haugan, Monica Haugestøl, Anne Rønningen og Tove Faile.

Denne gruppa fekk mandat frå alle deltakarane til å jobbe vidare med innspela som kom.

I etterkant av bygdemøtet har arbeidsgruppa presentera resultat for prosjektleiaren for FRAM Kvitseid (kommunens omstillingsprosjekt) og næringssjef Elisabeth Lid. Konklusjonen der blei at arbeidsgruppa skal søke omstillingsmidlar til ei moglegheitsanalyse for vurdering av næringsutvikling i tilknytning til kanalen. Dei skal også jobbe med å prøve å få Fjågesund som ein pilot til oppheving av buplikta og å få omgjort privatiseringa av Hasvikvegen.

Her finn du heile rapporten frå idé-myldringa med opplisting av alle innspela:

fjaagesund.no/ide2024

Er det nokon som ikkje har tilgang på internett og derfor ynskjer rapporten på papir, ta kontakt med ein i arbeidsgruppa



ENKEL OVERNATTING

i Fjågesund med tilgang til toalett etterlyses for padlere.

First Camp Lunde får ofte spørsmål frå sine padlegjester om enkel overnatting i Fjågesund. Soveboksen har ikkje plass til så mange og den er også ofte opptatt. Padlarane ynskjer ein enkel teltplass eller rom ved vatnet og med tilgang til toalett. Dei betaler sjølvsgagt for dette. Ta kontakt med Lars Peters, First Camp Lunde på tlf. 91575421 om du kan tilby denne type overnatting.